

# KULTURHISTORISK LØYPE AGANESET

## ORIENTERING

### Initiativtakarar:

Guttorm Rogdaberg, Kåre Grønsnes i samråd med bygdelaget "Vikebygdkrinsen"  
Rettleiing og samarbeid med  
Solveig Rognved - kulturminneavdelinga Hordaland Fylkeskommune  
og ARKIKON - illustrering og rekonstruksjonar av forhistoriske og historiske tema.  
Elevar Vikebygd skule - "Rydd eit kulturminne"/Norsk Kulturarv

### Målsetjing:

Ta vare på og få merksemd på lokale kulturminne - tilretteleggja for oppleving og skapa interesse hjå oss sjølve og gjestene våre - eit turlilbod for fremjing folkehelse.  
Fokusera på kulturminna - for slik å hegna om dei.

### Målgruppe:

Bygdafolket, gjester Agatunet, parkeringsgjester, bubilfolket.

### Fagleg ansvar:

Soga: Guttorm Rogdaberg (Agatunet) og Solveig Rognved (Fylkeskommunen)  
Dammen: Kåre Grønsnes

### Løyve frå:

Grunneigarane Eva Aga Baas 64/4, Olav B. Aga 64/8, Klara Aga 64/41 og Erling Aga 64/3

### Løypa:

Går frå parkeringsplassen Agatunet - over nesryggen Aganeset - ned til Skjervika - forbi Skjeret og til Klokkesteinen i Vikane - om lag 1,2 km lengde tur/retur.

### Skilting:

Etter malar og retningsliner utarbeidd hjå kulturminneavdelinga hjå Fylkeskommunen  
Skilting med tekstar på nynorsk og engelsk + illustrasjonar.

### Ferdig:

Mai 2019

### Sjølve arbeidet:

Rydd, kvista og tilretteleggja stien - laga og plassera to trapper (Nesryggen og ved Klokkesteinen), bru over Hankaskårbekken i Skjervika og opparbeida stien med maskin i 30 m lengde før Klokkesteinen.  
Skilting: Skriva tekstar, laga/finna illustrasjonar, formgjeving skilt, produsera skilta, setja opp skiltbukkar og skilttavler.

### Historien undervegs:

#### **Parkeringsplassen ved Agatunet**

Ein av dei få stadene i Indre Hardanger der det er gjort arkeologiske utgravingar.  
Det vart gjort funn frå ulike tidsperiodar, men parkeringsplassen fortel ingenting om kva som ligg/låg under asfalten.

Ei opplysingstavle vil fortelja kva funn som vart gjorde - vist kor med funnkoordinatar.

### **Bronsealderrøysane.**

På ryggen av Aganaset ligg den store bronsealderrøysa Hegrarøysa. Her er og restar av fleire røysar, både større, oppe på bergryggen og eit par mindre (i nordhallet ned mot Skjervika). Desse røysane er frå perioden 1700 f.Kr til 500 f. Kr.

### **Vikinghamna**

Skjervika ligg lunt på nordsida av Neset, og er det området som truleg har gjeve garden namn:  
*Aga, ha age for undervasskjera.*

Dette er den gamle vikingtids-/mellomalderhamna til Aga (vilkåret for maktsenteret som vaks fram på Aga). Her finst restar etter gamle feste som kunne brukast til å stengje hamna.

I november i 1940 var vika oppfylt av flaumskredmassar.  
Det låge Skjeret i nord var brukt som kai like fram til 1946.

### **Kyrkjegarden.**

Funnplass, gravsamling av kistegraver. Ukjend tidsalder, men mykje tyder på folkevandringstid 400 e Kr- 550 e Kr eller vikingtid 800 e Kr - 1030 e Kr.

Funn av båtsaum kan og tyda på båtgrav frå same perioden.

### **Klokkesteinen.**

Heller stor klangstein med 59 registrerte større og mindre slagholer.  
Bergarten er amfibolitt. Klangen er særst god - men vanskeleg å forklara kvifor det kling slik.

I nærområdet elles - til informasjon på parkeringsplassen:

**Solhjulet** (langs fylkesvegen)

5 svakt synleg innprikka konsentriske ringar inni kvarandre på ei austvendt berflate.

Framfor ringane i eldre tid var ei kjelde.

Aust for kjelda er det gjort funn som tyder på gravhaug (vikingtid?)

Står ein ved Solhjulet og ser ned på Klokkesteinen går det ei rett line over fjorden som endar i Kvednarauga ved Frøynes.

Slike liner finst mange stader i verda; kanskje også her på Aga Hardanger??

**Hermannshaug**

Den største gravhaugen på Aga som låg mellom parkeringsplassen og tunet, men vart fjerna under opparbeiding av det som no er fv.550

Truleg frå vikingtida og plassen for bautasteinen som no er å sjå i Agatunet.

Dessutan

**Livet i ein dam**

På nesryggen langs løypa ligg det ein dam som ikkje vert turr.

Eit skilt vil oppmoda folk om å stoppa opp, bruka nokre minutt til å kika ned i vatnet og oppdaga kva yrande liv det kan vera i ein stille dam.

Eit skilt vil fortelja namna på kva "dyr" folk ser.

*Aga aug. 2018  
Guttorm Rogdaberg  
Kåre Grønsnes*